

John og Roland trollbatt studentane

Torsdag 27. januar 2005 synte John Havellen og Roland Schwarz fram "Wittgenstein og eg" for studentar og andre interesserte ved Høgskulen i Sogndal. Dette er forteljinga om John sitt liv, frå oppvekst i Solvorn i Luster, via ulike institusjonar i Bergen og Balestrand, attende til eit godt liv i Luster. Det heile er presentert med ulike skråblikk/uttrykk frå filosofen Wittgenstein.

Det var ca. 90 frammøtte til forelesinga, så det er tydeleg at temaet interesserer. Størsteparten av dei frammøtte var studentar på vernepleiestudiet og andre studium ved høgskulen i Sogndal, men også ein del andre fann vegen til forelesinga.

Tilbakemeldinga etter forelesinga var at for mange av dei unge studentane er institusjonsperioden eit relativt ukjent omgrep, men at forelesinga likevel gav grunnlag for synspunkt og diskusjonar. Dette er flott, for dagens studentar er som kjent morgondagens fagfolk.



John fortalde i kjappe ordelag og slåande replikkar om livet sitt frå barneår og institusjonsliv, og var vel det ein kan seia "i godt slag". Men under ligg det stille alvor, om ein skal nytta Wittgenstein sine uttrykk.



Det var godt oppmøte på forelesinga, med nærare 90 frammøtte. I framgrunnen frå venstre: Ole Martin Hitland, lærar ved vernepleieutdanninga, Roland Schwarz, leiar ved Vaksenhabiliteringa Helse Førde, Annie Mathiesen, habiliteringskonsulent ved Vaksenhabiliteringa og Ragnhild Havellen, mor til John.



Nokre av kollegane til John ved ATS møtte opp for å få med seg forteljinga.